


# FITJAR KYRKJEBLAD



**Nr 5 - DESEMBER 2019**  
**ÅRGANG 42**



DEN NORSKE KYRKJA  
FITJAR

**Kyrkjekontoret:**

Postboks 10, 5418 Fitjar  
Telefon: 53 45 85 00  
[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

**Kontortider:**

onsdag og fredag: kl.10:00 - 15:00  
Ta kontakt på telefon om døra er låst  
og me er ute på oppdrag.

**Kyrkjeverje/kantor:**

Overweg, Jan 901 97 069  
[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

**Sokneprest:**

Drønen, Roald 950 76 635  
[rodr@fitjar.kommune.no](mailto:rodr@fitjar.kommune.no)

**Kyrkjelydspedagog:**

Matre, Randi Lønning 951 38 562  
[rama@fitjar.kommune.no](mailto:rama@fitjar.kommune.no)

**Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar:**

Skumsnes, Kristian 992 23 972

**Soknerådsleiar:**

Fangel, Sigrid 480 94 634

**Nestleiar sokneråd:**

Fitjar, Rasmus 918 24 158

**Bakken barnehage:**

Torunn K. Aarskog 404 04 146  
[bakken.barnehage@haugnett.no](mailto:bakken.barnehage@haugnett.no)

**Gåver til kyrkjelydsarbeidet**

(Skriv om du vil øymerke gåva)

kontonr. 3546.29.05805



**Framsidedeilete:**

Fitjar kyrkje

Foto: Rolf-Atle Rolfsnes



# Gud - ingen supermann

**Det er nokon som tenkjer at Gud burde ha vore ein supermann. Vile det ikkje teke seg betre ut for ein Gud som seier om seg sjølv at han er allmechtig; ikkje berre i himmelen, men også på jorda?**

Roald Drønen

Når han fyrst skulle koma til jorda, kunne han no ha gjort det på ein meir imponerande måte. Mange gjekk og venta på ein jordisk Messias som skulle fri folket frå romarane som heldt dei nede i okkupasjon.

Og så kom han som eit lite barn, født i ein ynkeleg stall der dyra heldt til. Var dette ein måte å visa sin majestet og autoritet på? Det blir nesten pinleg!

Kven har bruk for ein slik Gud? Kven søker til ein Gud med så lita handlekraft? Kan eg tru på ein slik Gud? Ja, det er denne guden eg trur på. Det er denne guden eg har brukt heile arbeidslivet mitt på å fortelja andre om. Gud som kom til jorda i Jesus, til deg og meg, som eit lite barn, på leiting etter menneske som strevar med livet sitt; det kan vera skam, skuld eller anna som heldt oss nede.

Me tilbed ikkje ein Guds som er i si grav. På same måten som Jesus ropa Lazarus ut av grava, let han linkleda liggja igjen i si eige grav, og møtte kvinnene ved grava og læresveinane fleire gonger etter oppstoda. Jesus oppstoda er vitnemålet om at han har sigra over døden og alt det vonde.

Me syng ikkje «Deilig er jorden» fordi alt er så fantastisk her på jorda.

Me lovsyng og tilbed ein Gud som er merka av livet her på jorda. Jesus hadde sår på kroppen etter mishandling og læresveinane fekk røra ved naglemerka i hendene og kjenna såret etter spydet i sida. Me kjenner ein Gud som veit kva det er å vera eit menneske.

Gud er ingen supermann som kjem susande frå sin himmel no og då. I det vesle barnet er han komen for å vera saman med oss.

«I det høge og heilage bur eg og hos den som er knust og nedbrygd i ånda.(Jes.57,15)

Difor kan me seia til kvarandre: Velsigna julehøgtid!



Redaksjonelt

Barn Jesus i en krybbe lå,  
skjønt himlen var hans eie.  
Hans pute her ble høy og strå,  
mørkt var det om hans leie.  
Men stjernen over huset stod,  
og oksen kysset barnets fot.  
Halleluja, halleluja, barn Jesus!

Hver sorgfull sjel, bli frisk og glad,  
kast av din tunge smerte!  
Et barn er født i Davids stad  
til tørst for hvert et hjerte.  
Til barnet vilj eg stige inn,  
og selv bli barn i sjel og sinn.  
Halleluja, halleluja, barn Jesus!

NS nr.45



## Konstituering

Det nye soknerådet i Fitjar har hatt sitt første møte og har gjort desse vala for eitt år:

Leiar: Sigrid Marie Fangel  
Nestleiar: Wenche Andersen Helland  
Skrivar: Svein Lunde

## Takk til Harald Rydland

Etter nesten 6 år som kyrkjeverje i Fitjar, har Harald Rydland fått innvilga permisjon i fire år for å vera ordførar i Fitjar.



Me takkar for den store innsatsen han har gjort som kyrkjeverje og ynskjer han alt godt som den øvste politiske leiaren i kommunen vår.

## "Fitjar Kyrkjeblad"

er Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad.

### Adresse:

Kyrjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

**Frist for innlevering til neste blad er 7. februar til [kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)**

Neste blad kjem etter planen 19. februar. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

### Redaksjon:

- Roald Drønen (red.)
- Karvel Strømme
- Anne Hardeland
- Rolf-Atle Rolfnes
- Torbjørn Hovland

**Trykk:** Kai Hansen Trykkeri Haugalandet





## *Ei krubbe for vår tid*

**I kyrkja legg vi ofte stor vekt på det indre livet. Men betyr det at det ytre er heilt uvesentleg?**

*Av fungerande biskop, domprost Gudmund Waaler*

Det fascinerer meg kor mykje pengar, tid og krefter eg brukar på estetikk i ein liten designbutikk i sentrum. Eg har også lagt merke til at den kvinnelege delen av husstanden likar å shoppe støvletter. No er ikkje dette spesielt originalt! I vår forbrukarkultur er det normalt å bruke mykje pengar på det ytre. Men gjer det oss til overflatiske menneske? Det trur eg blir for enkelt.

Gjennom det ytre, og det vi omgir oss med, uttrykker vi oss og skaper ein identitet. Estetikk er difor viktig. Å vere oppteken av det skjønne og det vakre har lang tradisjon i kyrkja. Gud har gitt oss evne og vilje til å forme og skape gjennom kunst og kultur. Samtidig veit vi at kvar tid har sitt uttrykk og sitt syn på kva som er vakkert.

Maleriet frå altarskapet i Mariakirken i Bergen viser korleis kunstnarar allereie på 1600-talet hadde forstått dette. Klede skapar folk og identitet - difor er alle på biletet kledd etter moten slik den var då.

Skal vi forstå at Gud er til stades i vår tid, må vi våge å male Jesus inn i vår kontekst og i våre liv. Kvar trur du Gud ville plassert Jesu krybbe dersom han skulle blitt fødd i dag? Kanskje ville han blitt fødd på eit asylmottak med ei einsleg mor? Biletet vi har frå stallen i Betlehem lyg ikkje. Dei vise mennene fann ikkje Jesus hos kong Herodes, eller mellom dei lærde i tempelet i Jerusalem, men i ein stall der det lukta sveitte og møk. Denne konteksten betyr noko fordi Gud valde den heilt medvite. Når Gud blir fødd inn i vår verd, blir han svak. Han blir utlevert. Han blir sårbar, overgitt til ei fattig kvinne. Det gjer han fordi han elsker oss. Han gjer det for å vise oss kva kjærleik er. Kjærleiken kan ikkje kreve, den kan berre komma oss i møte og sei: Sjå her har eg kome deg så nær som eg kan for å vise deg min kjærleik. Gud viser sin solidaritet med oss nettopp ved å velje å bli fødd i eit folk som var forfølgde. Gud kjem til oss der vi er og blir ein av oss, kledd som ein av oss. Også i dag er han vår bror. Han er i lidinga når menneske lir. Han græt når vi sørgjer. Han ler når vi er glade. Han vil la seg finne i vår verd når vi søker han.



*Utsnitt av alterskapet i Mariakirken i Bergen*

*Foto: Hilde Smedstad Moore, Universitetet i Stavanger*

Og finner du ham i krybbens hø /  
som hyrder så, som hyrder så, /  
da eier du nok til freidig å dø /  
og leve på, og leve på.

(Jonas Dahl)

10. mars vart **Gudmund Waaler** innsett som domprost i Bergen domkirke.

Han kom då frå stillinga som sjefsprest i Sjøforsvaret, og har nyleg gitt ut boka "Voldsbruk og livsfare".

Han er m.a. oppteken av å utvikla arbeidet med dei unge vaksne i kyrkja, og at kyrkja er synleg i nærmiljøet og bybiletet.

*Foto/kjelde: Den norske kyrkja*





## Me har fått ny kyrkjeverje

**Kyrkjeverja er den daglege leiaren for kyrkja si drift i ein kommune, og har dermed ansvar for alt personale, utanom sokneprest, for økonomi og drift av kontor, kyrkje og kyrkjegard.**

Harald Johan Sandvik

Jan Overweg vart kyrkjeverje i Fitjar i ein fart! Etter kommunestyrevalet i haust vart det avgjort at dåverande kyrkjeverje, Harald Rydland, vart ny ordførar, og då måtte det tilsetjast ny kyrkjeverje for fire år. Jan vart formelt tilsett om lag ei veke før Harald gjekk opp trappa til tredje etasje i Rådhuset og inntok ordførarkontoret! Normalt har ein nyttilsett tre månader på seg til å lesa seg opp og førebu seg til ein ny stilling, seier Jan, men her var det berre å stupa inn i det og ta seg av drifta vidare!

Men det var ein godt førebudd kar som tok over. Jan, som vaks opp i Nederland og tok kyrkjemusikkutdanning med mastergrad der, kom til Norge i 1989. Han tok imot ei kombinert stilling i Høyanger som kontor og lærar på kulturskulen. Først måtte han læra norsk, og etter tre månader hadde han tak på språket. Tre år seinare flytta han til Florø, der han også var kontor i tre år. I den perioden gifta han seg med Synnøve, og dei flytta til Stord i 1995. Her vart han i tillegg til kantortenenesta også IT-ansvarleg for Stord kyrkjekontor. Han utvikla eigne dataprogram, mellom anna konfirmantregister, dagbok/kalender og utvikling av heimesida. Dei var tidleg med elektroniske løysingar som var tilgjengelege. Ut frå dette arbeidet og til saman 30 år som tilsett i Den norske kyrkja, har han god innsikt i kva som skal til på eit kyrkjekontor. Likevel er det ein prosess å koma inn i alle dei oppgåvene kyrkjeverja må ta seg av.

Første oktober 2015 byrja han som kontor i Fitjar i 65 % stilling, og reduserte til 35 % på Stord. Denne delen på Stord har han sagt opp frå nyttår, men hausten vert difor travel for vår mann.

Det er tungvint å dela seg på to stader slik det har vore til no, og det vert gjerne til at fridagen i veka vert brukt for å få alt til å gå opp. Det er viktig for han å gjera ein god jobb begge stader. Difor er det ei god løysing for Jan å få heil stilling i Fitjar for fire år.



Arkivfoto: Torbjørn Hovland

Då Jan søkte stillinga på Fitjar, var det nye orgelet sett i ordre, og det var ein unik sjanse for han å følgja med og delta i sjølve bygginga. Det var det prosjektet som gjorde at han kom til Fitjar! Kyrkja fekk eit svært godt instrument. Fornyinga av galleri og kyrkjerom vart gjort samtidig, og då møtte han heile dugnadsgjengen, noko som gjorde at han vart kjend med svært mange i kyrkjelyden, og han følte seg straks heime her. Han er glad i Fitjar kyrkjelyd!

Me i kyrkjelyden er veldig glade for at du, Jan, kom til Fitjar, og me er trygge på at du vert ein god kyrkjeverje. Takk for at du er ein av oss! Me ynskjer deg alt godt for tenesta di vidare!

**Jan Overweg**, 58 år - Bur på Stord - Fødd i Nederland - 30 år i Norge - Gift med Synnøve - 3 born, Torstein, Ingrid, Johannes – Kantor i Fitjar frå 2015

Aktuell: Ny kyrkjeverje i Fitjar



## *Prestbø vil bli prest*

**I haust byrja Ingvild Prestbø (22 år), oppvaksen på Vestbøstad i Fitjar, på profesjonsstudiet i teologi ved MF vitenskaplege høgskule, eller Menighets-fakultetet som det heitte tidlegare.**

Roald Drønen

*Kva har leia tanken til å studera teologi?*

- Teologistudiet er veldig spennande, og samansett av mange ulike typar fag. Det er fint å få jobbe grundig med det eg ser på som dei viktigaste spørsmåla i livet, nemleg dei som har med tru å gjere. Det er nok mange teologistudentar som vil kalle seg «eksistensielle born», og eg vil nok stille meg i den rekka. Eg har alltid tenkt mykje på Gud og dei store spørsmåla. Teologistudiet er noko eg har vurdert lenge, men ikkje har vore heilt sikker på om eg ville starte på. Det var ikkje før eg kom inn på tanken om kanskje å bli prest at eg verkeleg fekk lyst. Etter det har eg ikkje vore i tvil, sjølv om det heilt sikkert kan kome periodar i løpet av studiet der eg igjen stiller spørsmål med valet eg har teke.

*Du har budd i Estland i det siste. Kva har du gjort der?*

- Frå hausten 2017 til våren 2019 budde og jobba eg i Estland som eittåring for NMS. Det var litt tilfeldig at eg hamna der, men eg treivst veldig godt. Eg fekk jobbe i to kyrkjelydar og var med på alt frå babysong til lunsjtreff for pensjonistar og arbeidslause. Då eitt år nesten hadde gått og eg skulle bestemme meg for kva eg skulle gjere vidare, var det vanskeleg å falle til ro med val av studiar. Eg hørte at dei berre hadde funne ein av to eittåringar til hausten etter, og då dei ikkje fann nokon spurte eg like godt om eg ikkje kunne bli eitt år til. Både NMS og sjefane mine i Estland synest det var ei god løysning, så eg bestemte meg for å bli. Det er eit val eg ikkje har angra på, og eg er veldig takksam for at eg fekk lov å vere der litt lenger. Det andre året lærte eg språket mykje betre og kunne bidra som søndagsskulelærar og leie babysong, i tillegg til at eg vart betre kjent med folk.

*Du hatt opplevingar som du opplever som kall?*



- Sommaren 2018 var eg på ein leir der det vart snakk om behovet for nye prestar i Den Norske kyrkja. Eg tenkte nok der og då at den jobben fekk nokon andre ta, for eg skulle i alle fall ikkje bli prest. Men etter kvart som tida gjekk og eg byrja på mitt andre år i Estland, fann eg ut at kanskje det var akkurat prest eg skulle bli. Eg byrja å sjå for meg korleis det kunne sjå ut å vere prest, og etter kvart fall det liksom litt på plass. Eg slutta å stresse rundt kva eg skulle gjere med livet mitt, og starta å gjere meg klar for eit nytt kapittel som teologistudent. Likevel er eg ikkje heilt sikker på om eg blir prest, men eg kjenner meg i alle fall kalla til å jobbe i kyrkja.

*På kva måte har kristen arbeid på Fitjar vore med og forma deg?*

- Gjennom barndomen var eg med på mykje av det som skjedde i kyrkje og bedehus. Mamma var engasjert i babysong og søndagsskule, og dette var faste rutinar dei første åra. Etter kvart byrja eg i barnekoret der eg song ein del år, og var så heldig at eg var i målgruppa dei første åra etter at klubben starta opp på bedehuset. Så starta ein med ten treff det året eg byrja på ungdomsskulen. - Eg har også vore med på gudstenester med jamne mellomrom gjennom heile oppveksten. Det er klart at alt dette har betydd mykje for kven eg er i dag. På ungdomsskulen og vidaregåande var eg ikkje noko glad i å gå på gudstenester fordi eg ikkje opplevde at det gav like mykje til trua mi som diverse kristne leirar og festivalar gjorde. Men etter kvart har eg blitt veldig glad i kyrkjebygget, rituala, liturgien og salmesongen. Dette er noko som har fylgt meg heile livet, og som eg kan kvile i.



*Er det nokon personar som har vore viktige for deg i val av studie?*

- I løpet av oppveksten møtte eg ingen kvinnelege prestar, og hugsar eg vart litt overraska då eg såg ein kvinneleg prest på ei TV-gudsteneste. Kvinneprestspørsmålet var aldri eit tema, men så tenkte eg heller aldri på å bli prest. Etter at eg byrja å snakke om å bli prest, har eg opplevd å bli heia på av dei fleste eg møter. Likevel veit eg at det er eit spørsmål som har kome opp igjen den siste tida, og det kan vere vanskeleg.

- Eitt av mine største førebilete, er presten Tiina som eg jobba saman med i Estland (Du kan lesa om henne i julenummeret av Misjonstidene). Ho har stått i spissen for å byggje ein kyrkjelyd i bydelen Mustamäe i Tallinn som har betydd mykje for dei som har kome innom. No har dei flytta inn i nybygd kyrkjebygg, i ein bydel som er bygd i Sovjettida og aldri før har hatt noko

gudshus. Ho er ein av personane som har inspirert meg til å ville bli prest, og som gjer meg trygg på at det er noko eg kan som kvinne.

*Er det ei bibelforteljing du er særleg glad i?*

- Eg klarar ikkje å velje! Men i haust har eg tenkt mykje på historia i Lukas 10, om presten og levitten som gjekk utanom og forbi, og «fienden» som gjorde det einaste rette for mannen i grøfta. Den utfordrar meg på ein måte eg har godt av.

*Du skal preika på ungdomsgudstenesta i Fitjar kyrkje 2. juledag – kva tenkjer du om det?*

- Eg syns det er kjempekjekt å få lov til å preika på 2.juledag. Det blir første gong eg held ei preik på ei gudsteneste i Den Norske kyrkja. Det blir ekstra stas å få lov til å gjere dette heime i Fitjar kyrkje. Eg trur det blir veldig fint med ungdomsgudsteneste, og håpar mange tek turen innom!!



## *Barn og kropp*



**Å vera foreldre kan vera ein emosjonell berg-og-dal-bane. Ulike fasar fører med seg ulike gleder og bekymringar.**

*Roald Drønen*

Korleis kan me som foreldre leggja til rette for at borna kan vera i trygge relasjonar og kjenna på glede i seg sjølv?

Det er mange gode grunnar for å prata med borna om ulike tema før det har oppstått ei hending. Me må gjera ein felles vaksendugnad for å førebyggja at borna tek val dei ikkje er modne nok til å sjå konsekvensane av.

Då tenkjer eg det er viktig at me er i forkant. At me er nysgjerrige og spørjande i møte med borna våre. Vi trenger ikkje vere ekspertar for å snakke om livsmeistring, seksualitet,

nettbruk og rus. Borna treng trygge vaksne som er nysgjerrige på deira syn på livet.

Gjennom dialog og ein stafettpinne med gode og sunne verdiar kan me gje borna eit viktig grunnlag for å ta gode val for seg sjølv og andre dei møter på sin livsveg.

Er du med på ein felles vaksendugnad for borna? spør Ingeborg Hatlevik Ørjasæter som er sjukepleiar med vidareutdanning i sexologi og familieterapi. Ho er gift og mamma til tre barn.

Difor inviterer me barneforeldre til ein spennande og engasjerande kveld i Fitjar kyrkje torsdag 6. febr. kl. 20 - 22. Me dekkar til med kaker og kaffi i midtgangen og håper de med born får barnevakt og møter opp.

*Tusen takk  
for rause gåver!*

*Eli Simonsen og Anne Marie Røed er trufaste støttespelarar i kyrkjelyden i Fitjar og har i mange år teke på seg viktige oppgåver.*

*No har begge feira runde dagar (70 år) og valt å gje pengegåver dei fekk til arbeidet i kyrkjelyden.*

*Kr. 20.000 til deling mellom diakoniarbeidet og ungdomsarbeidet og kr. 10.400 til diakoninemnda.*





## Utdeling av "Mi kyrkjebok"

Torbjørn Hovland

29. september var det utdeling av "Mi kyrkjebok" til fireåringane.

Søndagsskulen var også med, og etterpå var det langbord med store mengder pizza. Ung energi, god stemning og god mat.



## Hausttakkefest

Torbjørn hovland

27. oktober var det hausttakkefest og familiegudsteneste i kyrkja. Fitjar Bygdekvinnelag hadde gjort ein fantastisk jobb med å pynta med alle slags frukter og grønsaker, og soknerådet sin barnehage song og spreidde glede for ei fullsett kyrkje.







## Markering på kolerakyrkjegarden



Sola var gått i havet då ca. 45 personar var samla ved kolerakyrkjegarden på Vestbøstad ein ettermiddag i november.

*T: Roald Drønen - F: Jan Overweg*

Ein stor dugnadsinnsats, med Toralv Røen i spissen, er blitt gjort for å gjera kyrkjegarden frå 1849 tilgjengeleg for ålmenta. No kan ein fylgja ein grussti frå byggjefeltet i Nordre sjøvegen til kyrkjegarden der 22 personar frå 2-85 år vart gravlagde i løpet av nokre få månadar (nokre var også gravlagde ved kyrkja).

Magne Kloster fortalte historia om kyrkjegarden der også nokre frå slekta hans vart lagde i jorda. Sokneprest Roald Drønen knyta nokre ord til salme 22 av David frå Den gamle testamentet ramma inn av felle songane «Fager kveldssol smiler» og «Deg være ære».

Markeringa ved kulturminnet var avslutta av ordførar Harald Rydland med nedlegging av krans for dei som er gravlagde på kyrkjegarden.



## Lysmesse

**Søndag 1. desember samlast nær 200 seg i kyrkja på Fitjar til Lysmesse. Konfirmantane deltok på ein flott måte. Dei deltok med tekstlesing, lystenning, tablå, bønner og song! Ein fantastisk gjeng! Tusen takk for at de var med og gjorde lysmessa til ei flott gudsteneste!**

*Randi Lønning Matre*

1. søndag i advent er kongesøndagen. Me minnst Jesus som konge! Han kom til vår jord som eit lite barn, fødd i ein stall, sendt til oss frå Gud.

*«For eit barn er oss fødd, ein son er oss gjevne. Herreveldet er lagt på hans skulder. Han har fått namnet Underfull rådgjevar, Veldig Gud, Evig far, Fredsfyrste.» Jes 9,6*

Temakvelder  
Fitjar kyrkje  
våren 2020



**30. Januar:**  
Ein kveld  
med Bømlo  
Gospel



**27. Februar:**  
«Troens sang,  
håpets tone»  
med Eivind  
Skeie



**26. Mars:**  
Salmar/songar av Elisabeth  
Moldestad med Osternes  
Mannskor





## Lys i natten

En engel fortalte en flokk med gjeterne at Jesus var født.  
Det blendende lyset hadde forferdet gjeterne, men engelen sa de ikke  
skulle være redde. Kan du finne de åtte ulikhetene mellom de to bildene?







## «Sårbarhetens kraft»

Per Arne Dahl var vår og kom nær



**Det ville vore fullstendig feil å seia at Per Arne Dahl gjorde ein god figur på temakvelden i Fitjar kyrkje siste kvelden i oktober. Hans intensjon og siktemål var nemleg det stikk motsette – å vera eit levande menneske, ikkje ein figur.**

T: Roald Drønen - F: Torbjørn Hovland

Å våga å kasta maska for å visa ansikt. Å vera tru mot sanninga, sårbarheita, ja, verkelegheita, slik den faktisk er. Han utfordra oss som var til stades til å ta sjansen på å tre ut av filming og lureri. «Den som kastar maska, mister ikkje ansikt, men viser ansikt», nesten ropte han ut. Me vert alle merka av livet. Ingen blir spart. Det er ikkje mogleg å veksa opp utan å få skrubbsår. Å visa andre sårbarheit kan gje oss sjølv styrke, men endå betre: Å visa andre sin sårbarheit kan gje andre styrke. Han viste til Paulus si vedkjenning: «Når eg er svak, då er eg sterk.»

Heldigvis er vi ikkje åleine med vår svakheit. Størsteparten av folket i landet vårt er i same båt, med våre skjulte eller openberre handikap. Det er svært mange som ikkje opplever handikapa sine som plager som går forbi, men som sjølve livet. Han viste til den kjente teologen Moltmann som poengterer at den som strever etter eit liv utan liding, mister livet. Den som søker glede utan sorg, mistar gleda, og den som higer etter fellesskap utan konflikt, mistar fellesskapen.

Eg trur mange gjekk heim frå Fitjar kyrkje etter å ha opplevd det Dahl skriv i forordet til boka «Sårbarhetens kraft» at denne kvelden var nyttig for nokre som ber på skjulte plager, og som inspirasjon til dei mange som fortener eit nytt eller forsterka livsmot.





## Engledans frå det gode landet

7. november var det eit fengande musikkspel i kyrkja, "Det gode landet" av Eivind Skeie og Sigvald Tveit.

Torbjørn Hovland

Kyrkjekoret med solistar Marianne Juvik Sæbø og Arne Kvarven, Harald Johan Sandvik som St.Peter, og ei mengd unge dansarar frå kulturskulen gav oss ei forteljing om å koma til himmelen, til "det gode landet".

Mange flotte melodiar, svært tydeleg diksjon frå eminente solistar og eit kyrkjekor som har modnast mykje.

Den visuelle rosina i pølsa var likevel utvilsomt alle dei kvite dansande englane frå kulturskulen.

Ein musikal til å verta glad av, og som sikkert kunne spreidd glede i nabokommunane våre også.







# LysVaken



Foto: Rolf-Atle Rolfsnes

Ein flotte gjeng med 11-åringar var samla til LysVaken helg i Fitjar kyrkje i midten av november. Saman med gode leiarar laga dei god stemning gjennom heile LysVaken!

Randi Lønning Matre

Me starta med leik og konkurranser. Deretter var det godt med mat og dessert på kyrkjestova. Alle var med og førebudde gudsteneste. Men høgdepunktet denne helga, var sjølv sagt å finne soveposen og sove i kyrkja. Nokre fant roen fort, medan andre var vakne til langt på natt.

Me avslutta helga med ei flott gudsteneste med både dåp og nattverd. 11-åringane deltok på ein fin måte gjennom heile gudstenesta. Ein av LysVaken deltakarane vart døypt denne dagen. Det var flott og rørende å vere med på.

Tusen takk til alle som var med i store og små oppgåver gjennom LysVaken, de er gull verd.



Foto: Jakob Rolfsnes



## Folketonar og musikalsk dobbeltsiger



**Ein sjeldan gong sit ein med kjensla av at det blir faktisk ikkje betre enn dette. Når ein av dei ypperste norske organistane spela dei største orgelverka på eit framifrå orgel kunne ein vanskeleg vore på ein betre plass enn Fitjar kyrkje denne kvelden.**

Torbjørn Hovland

70 år gamle Iver Kleive er kantor, akkompagnatør, komponist og dirigent. Han har 20 eigne plater bak seg, har medverka på eit tresifra tal plater med andre artistar, og den 26. september innfridde han alle forventningar.

Med virtuositet og autoritet gav han oss både store klassikarar som Toccata & Fuge av Johann Sebastian Bach, kjende salmer og eigne komposisjonar.

I fleire 10-år har Iver Kleive også samarbeida med Sondre Bratland, og denne kvelden var begge desse innehavarane av St. Olavs orden i kyrkja vår.

Sondre Bratland er ein bauta i norsk folkemusikk. 81-åringen har brukt store deler av livet sitt på å samle og vidareformidle folketonar, stev og kvad, og gamle salmer.

Me kjenner han frå over 20 utgjevne plater og utallige opptredenar på fjernsynet. Han har tonesatt dikt av fleire norske lyrikarar, oversett songar frå engelsk og komponert musikk til kyrkjespel.

Med eit lunt glimt i auget gav han oss ei reise tilbake til det gamle

Noreg. Til vemod og slit, til Gudsfrykt og nøysemd, og religiøse songar frå småbruk og bedehus. Eit sterkt og rørende glimt av liv og lengt i generasjonane før oss.

Han avslutta med den kjende "Gjev meg handa di, ven" med melodi frå Irland på 1600-talet, og eit taknemleg publikum kunne syngja med.

Ein sjeldan gong sit ein med kjensla av at ein pluss ein er mykje meir enn to.







Fitjar kyrkjelyd sitt misjonsprosjekt – Mali

## *Bruk talentet ditt*



Fitjar kyrkjelyd har misjonsavtale med Det norske misjonsselskap (NMS) og støttar NMS sitt arbeid blant fulani-folket i Mali. I Mali bur det omkring 20 mill. menneske, og ca 3 mill. av desse er fulaniera. Berre eit par hundre av fulaniane er kristne, og NMS har som mål å nå ut med evangeliet til desse. Ein del av misjonsarbeidet handlar om landsbyutvikling og kampen mot omskjering. Me har fått fylgjande nyhende-brev frå Mali-misjonær Frode Brügge Sætre:

### Helga Rimmereid

Utviklingshjelp som set varige spor er vanskeleg å få til. Misjonen har dei siste åra fokusert på kampen mot omskjering av jenter, og oppnådd gode resultat (sjå førre kyrkjelydsblad). I det siste har misjonen i tillegg satsa på å oppmuntra til lokale initiativ for utvikling og entreprenørskap.

Danaya Goïta, som er leiar for misjonen sitt diakonale arbeid, ønskjer å fokusera på å hjelpa fram lokale initiativ og entreprenørskap, som kan vera med å skapa arbeidsplassar og positiv endring.



Foto: Frode Btügge, NMS

Så langt i år har Fitjar kyrkjelyd samla inn 34 064,- til misjonsprosjektet i Mali.

Neste gong det vert kollekt til prosjektet er under gudstenesta i kyrkja 1. juledag.

Ynskjer du å støtta arbeidet i Mali ut over dette kan du gje ei gåve til kontonummer 8222 02 85057 og merka betalinga med Mali.

For å koma i kontakt med dei rette folka har misjonen organisert to konferansar for unge og unge vaksne med opplæring i ein metode som heiter Use Your Talent (Bruk talentet ditt). Den første konferansen var for Sevareog Mopti, der over 100 unge deltok. Den andre konferansen var i Barouweli, der over 50 personar deltok.

Ut frå desse konferansane har det vorte danna grupper av unge, som jobbar for å starta opp små bedrifter eller som tar initiativ for å bety noko positivt for lokalsamfunnet sitt. Dette arbeidet er i oppstarten, men me vonar og bed om at det kan veksa til noko som gjev framtid og håp til mange unge i Mali.



Foto: Sigrurd Egeland



# Fitjar har ei aktiv diakoninemnd

Me har intervjuet leiaren, Annbjørg Stjern Tvedt

**Soknerådet si diakoninemnd har vore aktiv lenge, og mange kvinner og menn i bygda har gjort teneste der i kortare eller lengre tid.**

Harald Johan Sandvik

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste, seier Annbjørg, som har vore leiar i nemnda det siste året. Den viktigaste oppgåva no er besøkstenesta. Det er i dag rundt 15 besøkjarar som regelmessig er innom til 15 brukarar. Besøkjaren er ein medvandrar som ser enkeltmennesket. Brukarane får besøk 1 – 2 gonger for månaden. I tillegg er det to personar som vitjar sjukeheimen kvar onsdag. Annan kvar onsdag er presten der og held gudsteneste. Det er utarbeidd instruks for besøkjarar, den får også brukarane gjera seg kjende med.

Kvar vår arrangerer nemnda diakonitur med buss til eit eller anna interessant reisemål. Turane er viktige for dei som elles ikkje har nokon å reisa med eller ikkje lenger køyrer sjølv. Her er det fellesskap med andre, og alle er velkomne. Det er eit poeng at det er deltakarar i ulike aldersgrupper, slik at me får eit inkluderande fellesskap på tvers av generasjonane.

Det er også for å inkludera at dei byrja med sommarfest på sjukeheimen i sommar. Håkon C. Hartvedt heldt andakt, det var utlodning og dekka til fest på borda! Dette vil dei gjera fleire gonger. Til dette arrangementet kan dei gjerne tenkja seg fleire frivillige hjelparar, sidan dei er berre fem medlemmer i nemnda.

Dei held også fest for besøkjarane i februar. Då inviterer dei fagpersonar utanfrå som kan gi inspirasjon og fagleg påfyll til heile diakonistaben.

Alle jublantane som fyller 80, 85, 90, 95 eller 100 år, får besøk og blomar på dagen.

Diakoninemnda har viktige oppgåver på helgemesesøndag. Dei deltar i gudstenesta med lystenning og medverknad ved opplasing av namn på dei som er døde i løpet av siste året. Etterpå inviterer dei til middag, kaffi og kaker på bedehuset.

Nemnda tilbyr ikkje sorggrupper i eigen regi, men har eit samarbeid med Stord, Bømlo og Tysnes for å organisera samlingar.



Annbjørg seier at dei har ledig kapasitet no, og inviterer dei som ynskjer besøk til å ta kontakt med henne. Terskelen skal vera låg for å spørja om besøk. Tilbodet til diakoninemnda finn me også i Fitjar kommune sin aktivitetsplan.

Annbjørg poengterer til slutt at det er utruleg interessant å gå på besøk til dei eldre! Dei fortel frå sine liv, og det dukkar opp mange historier til både ettertanke og lærdom for oss som er litt yngre.



## FITJAR BEDEHUS

|            |       |                                 |
|------------|-------|---------------------------------|
| 22.12.     | 1600  | Me syng jula inn                |
| 28.12.     | 1900  | Julefest                        |
| 29.12.     | 1600  | Søndagsskulefest                |
| 05.01.     | 1900  | Søndagsmøte                     |
| 12.01.     | 1600  | Storsamling NMS                 |
| 15.01.     | 1930  | Nattverdmøte                    |
| 19.01.     | 1900  | Årsmøte Fitjar Indremisjon      |
| 25.01.     | 1500  | Basar - Stefanusalliansen       |
| 26.01.     | 1900  | Søndagsmøte - Stefanusalliansen |
| 02.02.     | 1900  | Søndagsmøte m/forbønnstund      |
| 05.-09.02. |       | Møteveke NLM                    |
| 12.02.     | 19.30 | Nattverdmøte                    |
| 15.02.     |       | Basar - Normisjon               |
| 16.02.     | 1900  | Søndagsmøte - Normisjon         |
| 23.02.     | 1900  | Søndagsmøte                     |

Sjå òg [www.fitjar-bedehus.no](http://www.fitjar-bedehus.no)



# BABYSONGKURS

For babyar mellom 0 og 12 månader  
saman med ein vaksen

På Fitjar bedehus **TYSDAGAR** kl. 10.30 - 12.00

\* songstund \* nistemåltid \* leik og drøs

**Datoar våren 2020:**

21/1, 4/2, 18/2, 3/3, 17/3, 31/3 (m/påske(unsj)  
14/4, 28/4

Etter songstunda vert det felles nistemåltid.  
Me serverer kaffi, te og saft.  
Ta med histe, kopp, gulpekjut og tøflar.

**Påmelding** og evt. spørsmål kan rettast til Helga Rimmereid tlf. 975 28 002 eller Astrid K. Prestbø 976 25 833. Påmelding må innehalda namn og alder på barnet og namn på den vaksne. **Pris kr. 150,-**  
**Påmelding innan torsdag 16. januar !**

*Følg oss gjerne på facebook: Fitjar babysong og småbarnstreff*

## VELKOMEN !!

Arr. Fitjar sokneråd

# SMÅBARNSTREFF

For ungar mellom 0 og 6 år  
saman med ein vaksen

På Fitjar bedehus **TYSDAGAR** kl. 10.30 - 12.00

\* songstund \* nistemåltid \* leik og drøs

**Datoar våren 2020:**

21/1,  
4/2, 18/2,  
3/3, 17/3, 31/3 (m/påske(unsj)  
14/4, 28/4

Ta med histe, kopp  
og tøflar.  
Me serverer kaffi, te  
og saft.

**NB!**  
**Ingen betaling eller påmelding !**

## VELKOMEN !

*Følg oss gjerne på facebook: Fitjar babysong og småbarnstreff*

Arr: Fitjar sokneråd

# JULEFEST

For små og store på  
Fitjar bedehus  
søndag 29. desember kl. 16.00



Tradisjonell  
søndagsskule-  
julefest med song,  
andakt v/ Randi  
Lønning Matrø,  
«kaffi-mat» og  
jultregong

Kolløkt

**Alle er hjartleg  
VELKOMNE !**

Arr.: Fitjar søndagsskule

*Kom og bli med!*  
**Kyrkjelydsweekend til Helgatun**  
17. - 19. april

**Påmelding:**  
Helga Rimmereid (975 28 001)  
eller kyrkjekontoret (53 45 85 00)  
kyrkja@fitjar.kommune.no

## Temakveldar våren 2020

- 30/1: Ein kveld med Bømlo Gospel
- 27/2: "Troens sang, håpets tone" v/ Eivind Skeie
- 26/3: Salmar/songar av Elisabeth Moldestad m/Osternes mannskor
- 30/4: Besøk frå Dialogsenteret i Bergen



**III** GSE SANDVIK AS

55 60 18 20



**Din Catering leverandør**

Telefon:  
41 42 80 38 (Randi)  
E-post:  
fitjarcamping@haugnett.no

**FITJAR  
SJØ OG CAMPING**

VAREHUSET  
**RYDLAND**

Velkommen til alle trivselshandel på Fitjar



lyd og bilde - telefoni - kvitevarer - møbler - gaveartikler mm.

53 49 73 07  
53 49 73 09

[www.rydland.as](http://www.rydland.as)

[post@rydland.as](mailto:post@rydland.as)

**Duo**

OPNINGSTIDER:

Man-tys-fre: ..... 9-16

Ons-tor: ..... 9-18

Laurdag: ..... 10-14

No kan du bestille time på nett:  
[www.ledigtime.no](http://www.ledigtime.no)

Tlf. 53 49 79 72



**GRØNAVIKJO UTVIKLING AS**

Vestbøstad - 5419 Fitjar

90 12 02 81

**AARBO & KORSVIK  
FORSKALING**

TLF:  
916 46 123

**LERØY  
SJØTROLL**

Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS

Kjærelvvegen 55

5419 Fitjar

[www.leroyseafood.com](http://www.leroyseafood.com)



**Engesund  
Fiskeoppdrett**

Visningscenter

Mobilnr: 951 89950



Mobilnr:  
975 02381

**Fitjar-Posten**

E-POST: [post@fitjarposten.no](mailto:post@fitjarposten.no) - MOB: 476 52 527

[www.fitjarposten.no](http://www.fitjarposten.no)

**PORT  
STEINGARD**

Port Steingard AS  
v/Johs Sandvik  
Postboks 11, 5418 FITJAR  
Telefon 916 67961

**Susflidskron**

Tlf: 53 49 79 60



Fitjar  
Bygdekvinneforbund



Interflora

Galleri Flora

Tlf: 53 49 95 00

[www.interflora.no](http://www.interflora.no)

Blomster - Gaver - Gravsteiner

**FINERO**  
REGNSKAP

[www.finero.no](http://www.finero.no) - [jantore.aarskog@finero.no](mailto:jantore.aarskog@finero.no)

**FITJAR KRAFTLAG**

<http://www.fitjar-kraftlag.no> - 53 45 76 00



53 45 72 00

53457220  
(fax)

Fitjar Mekaniske Verksted AS

**FITJAR**  
SMÅBÅT AS

Årskog, 5419 Fitjar - 944 30 500 - <http://www.fitjarbaat.no>

**SPAR**



**VB**  
VARME & BAD

**Hatlevik Rør AS**

Tlf: 53 49 93 15



**KVERNENES**  
BÅTBYGGERI

Kvernernes Båtbyggeri AS, Kalvøid 27, 5419 Fitjar  
Telefon: 53 49 90 90, baatbygg@kvernenesbaat.no



**Sko – Gåver – Leiker**

**Kom: Norsk Tipping  
Rikstoto**

Tlf. 53 49 71 61



**Videoen  
Kiosk**



**Engevik &  
Tislevoll a.s**  
Byggmester og Entreprenørfirma  
Tlf. 53457300. Fax. 53457310

**Vågen's kro  
og catering**

48 04 19 09



AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR  
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

**REMA 1000**

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50



**Carfix Fitjar**

Tlf: 53 49 71 21

**HEIMLI**  
SHIP DESIGN

[www.heimli.com](http://www.heimli.com)  
Havnavegen 90, Fitjar

SparebankenVest

**VI ER FAMILIEBANKEN**

*Vi følger deg hele livet*



**Syng med oss !**

**OSTERNES MANNSKOR**



**Kontaktinfo:**

Torunn K. Aarskog

404 04 146

Ledig annonseplass





## Slekters gang



### Døypte:

10.11.  
Tore Bjørnevik de Fine

17.11.  
Dennis Håkonsen Michelsen

Amelia Mathea Donkersloot Larsen  
(i Reksteren kyrkje)

24.11.  
Simon Andreas Waage

### Jordfeste:

Signe Stangeland  
f: 13.11.1927 - d: 05.10.2019

Johanna Karine Tangen  
f: 11.06.1933 - d: 11.11.2019

Harald Mikal Hovland  
f: 09.09.1937 - d: 25.11.2019



## Gudstenesteliste

| Dato   | Klokkeslett | Merknad  | Prest             | Kantor           | Takkoffer formål        |
|--------|-------------|--|-------------------|------------------|-------------------------|
| 15.12. | 11:00       | 3. s.i adv., dåp/nattverd                                | Reidar Ådnanes    | Jan Overweg      | Ten Treff               |
| 18.12. | 09:30       | Gudsteneste barneskule                                   | Roald Drønen      | Jan Overweg      |                         |
|        | 11:45       | Gudsteneste ungdomsskule                                 | Roald Drønen      | Jan Overweg      |                         |
| 19.12. | 10:30       | Gudsteneste barnehagane                                  | Roald Drønen      | Jan Overweg      |                         |
| 24.12. | 14:30       | Julaftan   | Roald Drønen      | Jan Overweg      | Kirkens Nødhjelp (KN)   |
|        | 16:00       | Julaftan   | Roald Drønen      | Jan Overweg      | Kirkens Nødhjelp (KN)   |
| 25.12. | 12:00       | Høgtidsgudsteneste, nattverd                             | Roald Drønen      | Jan Overweg      | NMS (Mali-prosjektet)   |
| 26.12. | 19:00       | Ungdomsgudsteneste,<br>nattverd, preike: Ingvild Prestbø | Roald Drønen      | Lokale musikarar |                         |
| 31.12. | 23:15       | Midnattsgudsteneste, nattverd                            | Roald Drønen      | Vikar            |                         |
| 01.01. | 12:00       | Nyårsdag Nattverd  | Roald Drønen      | Jan Overweg      | Indre Sjømannsmisjon    |
| 05.01. | 11:00       | Kristi openberringsdag, nattverd                         | Roald Drønen      | Jan Overweg      | Kyrkjelydsarbeidet      |
| 12.01. | 11:00       |  | Herman I. Aadland | Jan Overweg      | NMS Sunnh.aksjonen      |
| 19.01. | 11:00       | Familiegudsteneste                                       | Roald Drønen      | Jan Overweg      | Kyrkjelydsarbeidet      |
| 26.01. | 11:00       | Vitjing frå Stefanusalliansen                            | Roald Drønen      | Jan Overweg      | Stefanusalliansen       |
| 02.02. | 11:00       |  | Vikar             | Jan Overweg      | Konfirmantarbeidet      |
| 09.02. | 11:00       | Såmanns-søndag   | Roald Drønen      | Jan Overweg      | Det norske bibelselskap |
| 16.02. | 11:00       | Familiegudst., Tårnagenter                               | Roald Drønen      | Jan Overweg      | Barnearbeidet           |
| 23.02. | 11:00       | Fastelavns-søndag  | Vikar             | Jan Overweg      | De fire diakoni-inst.   |